


**PLT - vedtak: Framlegg til detaljregulering for Mangersneset bustadområde med planID 1260201100400  
vert godkjent for 1. gongs høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:**

Krav 1. Føresegn § 1.11.10. vert endra til: Møteplassar langs kommunal veg skal vere ferdig stilt før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltak i planområdet. Rekkfølgekravet gjeld ikkje mindre tiltak på bygd eigedom.

*Våre regbest. (Møteplassar langs kommunal veg skal vere ferdig stilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BFS11-BFS26 og BBB1).*

Kommentar frå Weglo Design AS og endra til følgjande: Ok, rettast



Krav 2. Føresegn § 1.11.11. vert endra til: Kommunal veg og fortau skal vere opparbeidd i samsvar med plan og ferdig stilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BFS11-BFS26, BBB1 og BKS1.

*Våre regbest. (Fortau langs kommunal veg skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustaden i BFS11-BFS26).*

Kommentar frå Weglo Design AS : Ok, rettast.

Krav 3. I føresegna § 1.4.3 er det falt ut eit «ikkje». Dette må rettast slik at det ikkje kan førast opp tiltak i branngate.

*Våre regbest: For BFS21-BFS26 fell byggegrense mot veg saman med sikringssone-branngate. På desse eigedomane kan garasje/bod eller andre byggverk førast opp innanfor byggegrense og sikringssone.*

Kommentar frå Weglo Design AS: Ok, utført.

Krav 4. Det må utarbeidast trafikkanalyse for anleggstrafikken.


Planskildringa: Kap 9.14 Byggeperioden

I byggeperioden vert anleggsmaskinane værande i planområdet . Det vert lite utkøyringar av massar sidan det vert meir eller mindre massebalanse. Dersom noko overskytande massar vert desse brukt i planområde.

Kommentar frå Weglo Design AS: Ok, utført av Helge Hopen As.

Krav 5. Arealbruk i strandsona utanfor utbyggingsføre mål i kommuneplan må KU og ROS vurderast. Det bør regulerast felles, køyrbar universelt utforma gangveg til eventuelle fellesareal i strandsona.

Kommentar frå Weglo Design AS: OK. KU/Ros utført i planskildring og køyrbar gangveg kan førast ned til felles areal.



**Krav 6.** Plangrense i sjø må justerast i samsvar med oppstartsvarsel.

*Kommentar frå Weglo Design AS: OK. Plangrense i sjø er justert.*



**Krav 7.** Referansar i kart, føresegner og planskildring må synkroniserast, samt generell språkvask og feilretting i føresegna.

*Kommentar frå Weglo Design AS: OK, føresegn er gjennomgått og godkjent av saksbehandlar, samt gått over på nytt.*